

## Den nye fråværgrensa på 10% - gjeld timefråvæ i enkeltfag.

Viss du har meir enn 10 % **udokumentert fråvæ** i eit fag, vil du som hovudregel ikkje ha rett til å få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget.

**Alt fråvæ skal som hovudregel førast på vitnemål, unntak frå *fagfråvæ(10 %-grensa)* finn du i denne tabellen. Rettigheter etter opplæringslova skal det ikkje førast fråvæ på i det heile. Merk deg dokumentasjonskrava.**

	Unntak	Dokumentasjonskrav
Rettigheter etter opplæringslova	Besøk hjå rådgjevar eller helsesøster	Hugs å få med dokumentasjon
	Møte med PPT (Pedagogisk-Psykologisk Teneste)	Hugs å få med dokumentasjon
	Organisert studiearbeid som er avtalt med faglærer på førehand	Skriv ein søknad om sjølvstendig studiearbeid og gjer avtale med faglærarar. Bruk eige skjema.
	Avtalt samtale med rektor/administrasjon/andre tilsette.	Hugs å få med dokumentasjon.
	Elevrådsarbeid	Dokumentasjon frå elevrådsleiar/elevrådskontakt/ avd.leiar/Rektor
Helse- og velferdsgrunnar	Legetime	Må dokumenterast anten med timekort, SMS (om timen er bestilt med mobiltelefon) eller kvittering for betalt time.
	Tannlegetime	
	Time hjå BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk)	
	Helsegrunnar	Legeerklæring eller dokumentasjon frå annan sakkyndig. F.eks. fysioterapeut, tannlege eller psykolog (BUP)
	Kronisk sjukdom	Erklæring frå sakkyndig som seier at du er under utredning, oppfølging e.l. som vil medføre fråvæ frå skulen.
	Under utredning eller oppfølging for udiagnostisert sjukdom	
	Anna sjukdom som gjer det lite hensiktsmessig å oppsøke sakkyndig for kvart tilfelle	Når slik erklæring er levert kan føresette eller myndige elevar i etterkant levere eigenmelding.
	Omsorgsoppgåver for t.d. egne barn	Eigenmelding
	Deltaking i bryllaup, konfirmasjon, dåp og gravferd i nær familie (inntil 1 dag) <i>Alvorleg sjukdom og dødsfall (gravferd) i nær familie gir høve til fråvæ utover 1 dag etter individuell vurdering.</i>	Melding frå føresette eller myndige elevar
	Tiltak/arrangement i skulens regi (t.d. vardefest)	Må dokumenterast med godkjenning frå avdelingsleiar/Rektor
Anna	Politisk arbeid	Dokumentasjon
	Hjelpearbeid	Dokumentasjon
	Lovpålagt oppmøte	Dokumentasjon
	Representasjon i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå, t.d. idrett	Dokumentasjon
	Religiøse høgtider utanom Den Norske Kyrkja (Inntil 2 dagar)	Dokumentasjon

Dokumentasjon bør leggst fram snarast og helst frå første fråværsdag. Kontaktlærer tek vare på dokumentasjonen.

**OBS!** Køyretimar er IKKJE godkjent som unntak i 10%-grensa. Det kan heller ikkje søkast om organisert studiearbeid for dette føremålet jmf. forskrift til §3-47 i opplæringslova.

Med atterhald om endringar (frå udir)

Her er ein tabell som viser eksempler på fråværsgrenser for dei ulike årstimetalla:

			1 termin	1 termin	Begge terminer	Begge terminer
60 min	45 min	Timer pr uke	5 %	10 %	5 %	10 %
56	75	2	2	4	4	8
84	112	3	3	6	6	12
112	149	4	4	7	7	15
140	187	5	5	9	9	19
168	224	6	6	11	11	23
197	263	7	7	13	13	27
215	287	8	7	14	14	29
262	349	9	9	17	17	35

(Kjelde: udir.no)